



## Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 29.03.2017  
**Møtestad:** Formannskapssalen/møterom 3  
**Møtetid:** 09.00 - 14.25

Møtet vart styrt av ordførar Øyvind H. Oddekalv.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 22.03.17, og møtet var kunngjort i pressa 13.03.17.

Torunn Åsheim frå Multiconsult orienterte om moglegheitstudie Frekhaug Fosse, med særleg fokus på utvikling av Langelandskogen.

Formannskapet hadde pause frå kl. 10.35-10.45, kl. 11.55-12.20, kl. 13.20-13.25 og frå kl. 13.40-13.45.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Øyvind H. Oddekalv	AP	Ordførar
Nils Marton Aadland	H	Varaordførar
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Sigmund Larsen	FrP	Medlem
Per Kristian Holmetun	SP	Medlem
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Silje Ingelin Sæterstøl	V	Medlem

---

**Desse møtte frå administrasjonen:** Rådmann Ingvild Hjelmtveit, personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen, sektorsjef teknisk Anny Bastesen, kommuneplanleggar Kristin Nåmdal og økonomisjef Per Inge Olsen. Plansakansvarleg Alexander Helle møtte til sak 38.

30. mars 2017

Øyvind H. Oddekalv  
ordførar

Randi Hilland  
konsulent

---

## Sakliste

Saknr	Tittel
27/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
28/2017	Godkjenning av møtebok
29/2017	Referatsaker
30/2017	Aktuelle saker
31/2017	Orientering av rådmannen
32/2017	Orientering om status kommunestruktur
33/2017	Budsjettrapport per februar 2017
34/2017	Finansrapport desember 2016
35/2017	Bustadmelding 2017 - 2020
36/2017	Opprensning og tiltak rundt Mjåtveittjørna
37/2017	Kommunal tiltakspakke 2017, aktuelle prosjekt
38/2017	Framlegg til utvida plangrense og revisjon av planprogram, områdeplan for Midtmarka og Rotemyra
39/2017	Oppstart av rullering av kommuneplan, arealdel på deltema
40/2017	Planprogram for kommunedelplan E39 Flatøy- Eikefet
41/2017	Høringsuttale, Regional transportplan Hordaland 2018 - 2029
42/2017	Ny høyring - Regional areal- og transportplan for Bergensområdet
43/2017	Konstituering av rådmann

## **27/2017: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

### **29.03.2017 FORMANNSKAPET**

Marit Jøssang hadde merknad på at eit vedlegg i ei sak ikkje var tilgjengeleg før dagen før møtet. Administrasjonen orienterte om at ved ein feil så var ikkje dette vedlegget knytt til saka.

Ordførar opplyste om at det er sendt ut ei tilleggssak.

### **FS - 27/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:**

"Innkalling og sakliste med tilleggssak og med ovannemnde merknad vert godkjent."

---

## **28/2017: Godkjenning av møtebok frå møte 08.03.17**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

"Møtebok frå møte 08.03.17 vert godkjent."

### **29.03.2017 FORMANNSKAPET**

### **FS - 28/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:**

"Møtebok frå møte 18.03.17 vert godkjent."

---

## **29/2017: Referatsaker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

"Meldingane vert tekne til orientering."

### **29.03.2017 FORMANNSKAPET**

Det ligg føre søknad frå Kirkens SOS om driftsstøtte for 2017.

### **Framlegg til vedtak frå Marit Jøssang, KrF:**

Meland kommune løyver kr 8 000,- til Kirkens SOS i Bjørgvin som driftsstøtte for 2017. Kostnaden vert å dekkja frå konto 11410 101 1000 (gåver, representasjon).

**Dette framlegget vart samrøystes vedteke.**

Ordfører har blitt kontakta av Røde Kors Førstehjelp om kjøp av hjartestartarar. Det vil bli vurdert å ta det opp som sak på neste formannskapsmøte.

**FS - 29/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Meland kommune løyver kr 8 000,- til Kirkens SOS i Bjørgvin som driftsstøtte for 2017. Kostnaden vert å dekkja frå konto 11410 101 1000 (gåver, representasjon).

Meldinga frå ordfører vert teken til orientering.

---

**30/2017: Aktuelle saker**

**Rådmannen sitt framlegg:**

"Orienteringane vert tekne til vitande."

**29.03.2017 FORMANNSKAPET**

**Følgjande saker vart tekne opp:**

**Sigmund Larsen:**

**1. Bekymringsmelding om forurensing**

Når administrasjonen mottar bekymringsmelding om forurensing. Kan administrasjonen redegjøre for hvilken prosess som følges? Må eksempelvis kommunen rykke ut på synfaring?

**Administrasjonen svarte:**

Prosedyren er at alle slike meldingar vert følgd opp. Kommunen følgjer forureiningslova og rykkjer ut der det er behov.

**2. Hvem kan delta på oppstartsmøte ved privat reguleringsplan?**

I forbindelse med oppstartsmøte mellom kommunen og en privatperson som søker om privat reguleringsplan så har jeg fått vite at kommunen inviterte en eller tredjeparter til oppstartsmøte. Slik jeg har forstått fremgangsmåten så er dette et møte hvor søker betaler for kommunens tid og forberedelser til møte. I og med at søker betaler for for møte, har da administrasjonen anledning til å invitere tredje part til møte uten at søker har gitt samtykke? Hvis det er slik at administrasjonen har anledning til å invitere tredje part, hvordan skal da fakturaen fordeles?

**Administrasjonen svarte:**

Kommunen hadde ikkje kalla inn 3. part. At vedkommande fekk ta del i møtet var ein glipp frå kommunen si side. Slike ting skal ikkje skje.

**3. Søknad om overtaking av drift og vedlikehold av veilysanlegg Holsbergstien**

Er det ikke slik at kommunen er pliktig til å overta ansvaret for anlegget når det er kommunal vei og at veien tilfredsstillir kommunale krav. (bredde, fortau, asfalt, veilys).

#### **Administrasjonen svarte:**

Vegen er kommunal, men veglysa er sett opp privat. Drift av veglys må på sikt verte ei kommunal oppgåve. I prinsippet kan kommune overta vedlikehald av ein veg, men ikkje drift av veglysa.

#### **4. Naustetomter Midtsundet**

Kan administrasjonen forklare oss hvordan denne situasjonen har oppstått. Det oppfattes litt underlig for søker på begge sider av søkers parsell er åpnet for Naustetomter, men ikke på NA 31. Vi bør vel ha mest mulig likebehandling?

#### **Svar frå administrasjonen:**

Av bestemmelsene til kommuneplanen sin arealdel (KPA) følger det at det innefor område NA\_31 ikke er åpnet for fradeling/oppføring av nye naust i denne planperioden, se føresegn 2.1.5, tabell 6. Det betyr at oppføring/fradeling av nøst/nøstetomt innenfor område NA\_31 i kommuneplanen vil kreve dispensasjon fra føresegn 2.1.5, tabell 6.

Innenfor område NA\_22 er det åpnet for 4 nye naust i planperioden. **Fradeling her krever ikke dispensasjon fra arealformålet, men i dette området (framtidig naustområde) gjelder det et plankrav før søknadspliktige tiltak kan godkjennes, jf KPA føresegn 1.2.1.**

Administrasjonen ber vedk. søkje om fradeling/oppføring av naust.

#### **Ordførar orienterte:**

I sak om flytting av Blom Fiskeoppdrett konkluderte Kontrollutvalet med at det var rett at Utval for drift og utvikling skulle handsame saka. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gav Fylkesmannen i Hordaland medhald i at Blom Fiskeoppdrett ikkje får flytta anlegget. Dette medfører store utfordringar for oppdrettsanlegget. Dei får ikkje utvide der dei heldt til no, og drifta er ikkje bærekraftig.

Kystverket har kome med nytt kart over forbudssona, der Holmeknappen er halde utanfor sona. Sona er godt beskrive og går heilt i sjøkanten.

Store utfordringar for Meland og Askøy å ha denne forbudssona i Herdlefjorden. Politikarar frå Askøy og Meland vil ha møte med Hordalandsbenken førstk. tysdag, for å drøfte denne saka.

Kyrkje /kulturhus - statusrapport vert levert rådmannen innan kort tid, der ein m.a. har med kva kulturtilbod som skal vere i dette bygget.

#### **Marit Jøssang:**

Trafikkfarleg situasjon i Mjåtveitmarka der ein har leikeplass på eine sida og bustadhus på andre sida og traffikert veg mellom. Korleis har ein kunne planlagt slik? Oppfordring til politikarane å vere nøye når ein vedtek planar.

#### **Svar frå administrasjonen:**

Utbygginga er i tråd med reguleringsplan for området.

**Anne Grete Eide:**

Kapasiteten på bassenget på Rossland skule er no utvida. Veit at Vestbygd skule ønskjer meir tid til symjeopplæring.

Sak om ekstra midlar til skyss vert å ta opp I formannskapet.

**FS - 30/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:**

"Orienteringane vert tekne til vitande."

---

**31/2017: Orientering av rådmannen**

**Rådmannen sitt framlegg:**

"Orienteringane vert tekne til vitande."

**29.03.2017 FORMANNSKAPET**

**Rådmann Ingvild Hjelmtveit orienterte:**

I kommuneplanen er det lagt inn utviding av kyrkjegarden. I det aktuelle området har ein støtt på problem med overvatn. Må bruke tid til ev. å finne eit nytt eigna område. Må ha grundig undersøking av grunnforholda.

Ein oppdragstakar har stevna Meland kommune. KS rår kommunen til å inngå eit rettsforlik. Prosessrisiko må vurderast.

**FS - 31/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:**

"Orienteringane vert tekne til vitande."

---

**32/2017: Orientering om status kommunestruktur**

**Rådmannen sitt framlegg:**

"Orienteringane vert tekne til vitande."

**29.03.2017 FORMANNSKAPET**

Ordførar orienterte:

Møte i Førebuande fellesnemnd 20. mars. Sett ned ein namnekomité - 2 politikarar frå kvar kommune. Innstilling til namn skal vere klart og behandla i alle tre kommunane før §25-møtet i juni. Fellesnemnda ønskjer å videreføre bruk av konsulenttenester. Ønskjer ikkje å tilsette prosjektleiar i haust. Arbeid i gang med eit omfattande styringsdokument. Fått på plass kommunikasjonsmedarbeidar, Randi Bjørlo. Heimeside er oppretta.

Saker skal vere behandla i dei tre kommunestyra før dei vert behandla på §25-møtet i juni.

**FS - 32/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:**

"Orienteringane vert tekne til vitande."

---

**33/2017: Budsjettrapport per februar 2017**

**Rådmannen sitt framlegg:**

«Budsjettrapport per februar 2017 vert teken til vitande»

**29.03.2017 FORMANNSKAPET**

**FS - 33/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:**

«Budsjettrapport per februar 2017 vert teken til vitande»

---

**34/2017: Finansrapport desember 2016**

**Rådmannen sitt framlegg:**

«Kommunestyret tek Finansrapport per 31.12.2016 til vitande»

**29.03.2017 FORMANNSKAPET**

**FS - 34/2017 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

«Kommunestyret tek Finansrapport per 31.12.2016 til vitande»

---

**35/2017: Bustadmelding 2017 - 2020**

**Rådmannen sitt framlegg:**

«Kommunestyret sluttar seg til Bustadmelding 2017 – 2020 og legg denne til grunn for arbeidet med økonomiplan og årsbudsjett i perioden.»

## 29.03.2017 FORMANNSKAPET

### Framlegg til vedtak i møte:

Saka vert utsett. Formannskapet vil at saka skal handsamast i råd og utval før handsaming i formannskap og kommunestyre.

### Avrøysting:

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

### FS - 35/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

Saka vert utsett. Formannskapet vil at saka skal handsamast i råd og utval før handsaming i formannskap og kommunestyre.

---

## 36/2017: Opprensning og tiltak rundt Mjåtveittjørna

### Rådmannen sitt framlegg:

«Formannskapet godkjenner at prosjekt 791 Utbetring, opprensning, gangsti og veglys Mjåtveittjørna vert nytta til opprensning av Mjåtveittjørnet og etablering av veglys frå Tjørnavegen til Mjåtveitflaten.»

## 29.03.2017 FORMANNSKAPET

Sigmund Larsen ville ha sin habilitet vurdert, og gjekk frå ved handsaming av habilitetsspørsmålet.

### Avrøysting:

Formannskapet vedtok samrøystes at Sigmund Larsen var habil med tilvising til kommuneloven § 40, jf. Forvaltningsloven § 6.

### FS - 36/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

«Formannskapet godkjenner at prosjekt 791 Utbetring, opprensning, gangsti og veglys Mjåtveittjørna vert nytta til opprensning av Mjåtveittjørnet og etablering av veglys frå Tjørnavegen til Mjåtveitflaten.»

---



## **37/2017: Kommunal tiltakspakke 2017, aktuelle prosjekt**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Formannskapet sluttar seg til at ekstraordinært statstilskot blir nytta til følgjande tiltak i 2017, etter anbodsinnhenting:

- Skifte låssystem på skulane, frå nøkkelsystem til kode/kortsystem.
- Oppgradere 5 eldre toalett på Sagstad skule er det eit behov for å oppgradere 5 eldre toalett.
- Etablere ventilasjonsanlegg Marihøna Barnehage.
- Utvendig maling av ulike bygg dersom det er nok midlar til slutt.»

### **29.03.2017 FORMANNSKAPET**

#### **Framlegg til vedtak i møte:**

Formannskapet sluttar seg til at ekstraordinært statstilskot blir nytta til følgjande tiltak i 2017, etter anbodsinnhenting:

- Oppgradere 5 eldre toalett på Sagstad skule.
- Utvendig maling av ulike bygg - ca kr 350 000.
- Skifte låssystem på skulane, frå nøkkelsystem til kode/kortsystem.
- Etablere ventilasjonsanlegg Marihøna Barnehage.

#### **Avrøysting:**

**Framlegg til vedtak i møtet vart samrøystes vedteke.**

#### **FS - 37/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Formannskapet sluttar seg til at ekstraordinært statstilskot blir nytta til følgjande tiltak i 2017, etter anbodsinnhenting:

1. Oppgradere 5 eldre toalett på Sagstad skule.
2. Utvendig maling av ulike bygg - ca kr 350 000.
3. Skifte låssystem på skulane, frå nøkkelsystem til kode/kortsystem.
4. Etablere ventilasjonsanlegg Marihøna Barnehage.

-----

## **38/2017: Framlegg til utvida plangrense og revisjon av planprogram, områdeplan for Midtmarka og Rotemyra**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Formannskapet i Meland sluttar seg til framlegget til utviding av plangrensa og revisjon av planprogram for områderegulering av Midtmarka og Rotemyra på Flatøy i Meland kommune med konsekvensutgreiingar. Framlegg til ny plangrense og revidert planprogram vert lagt ut til offentleg ettersyn. Vedtaket er heimla i plan og bygningslova § 4-1 samt forskrift om konsekvensutgreiing § 7.»

### **29.03.2017 FORMANNSKAPET**

#### **FS - 38/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:**

«Formannskapet i Meland sluttar seg til framlegget til utviding av plangrensa og revisjon av planprogram for områderegulering av Midtmarka og Rotemyra på Flatøy i Meland kommune med konsekvensutgreiingar. Framlegg til ny plangrense og revidert planprogram vert lagt ut til offentleg ettersyn. Vedtaket er heimla i plan og bygningslova § 4-1 samt forskrift om konsekvensutgreiing § 7.»

---

## **39/2017: Oppstart av rullering av kommuneplan, arealdel på deltema**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Formannskapet vil i planprogrammet for rullering av kommuneplanen sin arealdel, synleggjere og prioritere kva omfang dei ulike tema skal ha. Det er særleg reiselivsrelatert næringsutvikling, kartlegge eigna areal for gjenbruksmasser (div. typer jord og stein) i kommunen, og omfanget av areal tilrettelagt for rosport, seglbrett og småbåtsegling som vil drøftast i planprogrammet.

### **29.03.2017 FORMANNSKAPET**

#### **Fellesframlegg i møte:**

Formannskapet vil i planprogrammet for rullering av kommuneplanen sin arealdel, synleggjere og prioritere kva omfang dei ulike tema skal ha:

1. Reiselivsrelatert næringsutvikling, t.d Meland Golf
2. Sambandet Vest AS sitt val av vegløysningar over Meland
3. Areal for havbruksrelatert næring på land og vann, t.d. Mjåtveit - Dalstø, samt areal for djupvassskai
4. Kartlegge eigna areal for gjenbruksmasser(div. typer jord og stein) i kommunen t.d. Dalstø-Holme
5. Vurdere område til ny barneskule i området Frekhaug - Dalstø
6. Areal for parkering til attraktive turområder og rasteplasser

**Avrøysting:**

**Pkt. 1,2,4,5 og 6 vart samrøystes vedteke.**

**I pkt 3 vart det røysta over om t.d. *Mjåtveit-Dalstø* skulle vere ein del av vedtaket.**

**3 røysta for at t.d. *Mjåtveit-Dalstø* skulle vere med i vedtaket, (SP, V, FrP), 4 røysta mot, (2 AP, H, KrF), og fall.**

**FS - 39/2017 VEDTAK:**

Formannskapet vil i planprogrammet for rullering av kommuneplanen sin arealdel, synleggjere og prioritere kva omfang dei ulike tema skal ha.

1. Reiselivsrelatert næringsutvikling, t.d Meland Golf
2. Sambandet Vest AS sitt val av vegløysningar over Meland
3. Areal for havbruksrelatert næring på land og vann, samt areal for djupvassskai
4. Kartlegge eigna areal for gjenbruksmasser(div. typer jord og stein) i kommunen t.d. Dalstø-Holme
5. Vurdere område til ny barneskule i området Frekhaug - Dalstø
6. Areal for parkering til attraktive turområder og rasteplasser

---

**40/2017: Planprogram for kommunedelplan E39 Flatøy- Eikefet**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Meland kommunestyre fastset planprogram for Kommunedelplan E39 Flatøy- Eikefettunnelen, revidert 1.mars 2017. Vedtaket vert gjort i samsvar med plan og bygningslova & 4.1

**29.03.2017 FORMANNSKAPET**

**Framlegg til vedtak frå Øyvind H. Oddekalv, AP:**

Saka vert utsett.

**Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.**

**FS - 40/2017 VEDTAK:**

Saka vert utsett.

---

## 41/2017: Høyringsuttale, Regional transportplan Hordaland 2018 - 2029

### Rådmannen sitt framlegg:

«Kommunestyret i Meland oppfatar Regional transportplan for Bergensområdet 2018 – 2029 som eit godt plandokument når det gjeld tilstanden på fylkesvegnettet og stragegiar for å oppgradere / trygge trafikksituasjonen. Prioriteringar i gjennomføringsprogrammet for strekningsvise utbetringar, investeringsprogrammet for fylkesvegar og trafikkplan for båttilbodet blir viktige politiske saker som det er naturleg at kommunen blir trekt inn i. Handlingprgrammet må oppdaterast slik at kommunane blir teke inn som samarbeidspartar i tiltak 7.4 (båttilbod) og 7.5 (innfartsparkering). Dette gjeld også tiltak 5.6 (fylkesvegnettet og reiseliv) i den grad det er aktuelt for kommunane å vere med på finansiering.»

### 29.03.2017 FORMANNSKAPET

#### Tilleggsframlegg frå Meland AP v/Øyvind H. Oddekav

1. Fv. 564 i Meland frå Frekhaug til Rosslund må få status som overordna fylkesveg. Vegen har stor trafikk og er viktig for lokalsamfunnsutviklinga.
2. Fv. 57 frå Knarvik til Mongstad må igjen få status som riksveg. Denne vegen har stor trafikk i samband med industrien i Mongstadorrådet.
3. RTP må ha større tyngde som innspelsdokument til Nasjonal transportplan gjeldande ny E39 nord i Åsane (Vågsbotn-Nordhordlandsbrua).
4. Viser til Regional Transportplan 2013-2024 – Handlingsprogram 2015-2017 der Tverrsambandet (Sambandet Vest) er omtala. Prosjektet vil gje eit nytt samband mellom Øygarden/Askoy og Nordhordland. Det vil også kunne avlaste Bergen sentrum for gjennomgangstrafikk. Eit interkommunalt selskap Sambandet Vest AS arbeider for å få realisert prosjektet med bompengar og fylkeskommunale midlar.

I pågåande kommunesamanslåingsprosess mellom Radøy, Meland og Lindås, er dei tre kommunane tildelt midlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet som skal målrettast mot infrastrukturtiltak som kan binda dei tre kommunane tettare saman. Ytterligere midlar vert omsøkt, og midlane skal nyttast til planprosessar knytt til Sambandet Vest AS, og då med samanbinding av Radøy og Meland spesielt.

Sambandet Vest vert ein viktig omkjøringsveg og eit viktig trafikksikringsprosjekt. Vegen representerer eit alternativ til Hagelsundsbrua, og vert ein del av eit framtidig ringvegprosjekt i Nordhordland.

Ein ønskjer difor at Sambandet Vest vert tatt med i RTP Hordaland 2018 – 2029

Ein ber også fylkeskommunen merka seg at Radøy kommune har fatta positivt vedtak for oppstart av naudsynte planprosessar knytt til samanbinding av Meland og Radøy. Meland kommunestyre har i samband med igangsetting av arbeidet med planprogram for rullering av kommuneplan sin arealdel peika ut Sambandet Vest AS sitt val av vegløysningar over Meland som eit av dei prioriterte tiltaka.

## **Framlegg til pkt 5 frå Marit Jøssang, KrF:**

RTP må ta større omsyn til forskjellar mellom distrikt og by/tettbygd strøk, til dømes under «overordna mål» der vekst i persontransport skal skje ved kollektivtrafikk, sykkel og gange i Bergensområdet. Vekst i kommunar med mykje distrikt og lange avstandar vil ikkje skje berre med gang- og sykkelveg.

### **Avrøysting:**

**Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**Tilleggsframlegg pkt. 1 frå Meland AP vart samrøystes vedteke.**

**Tilleggsframlegg pkt. 2 frå Meland AP vart samrøystes vedteke.**

**Tilleggsframlegg pkt. 3 frå Meland AP vart samrøystes vedteke.**

**Tilleggsframlegg pkt. 4 frå Meland AP vart samrøystes vedteke.**

**Tilleggsframlegg pkt 5 frå Marit Jøssang vart samrøystes vedteke.**

## **FS - 41/2017 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Kommunestyret i Meland oppfatar Regional transportplan for Bergensområdet 2018 – 2029 som eit godt plandokument når det gjeld tilstanden på fylkesvegnettet og strategiar for å oppgradere / trygge trafikksituasjonen. Prioriteringar i gjennomføringsprogrammet for strekningsvise utbetringar, investeringsprogrammet for fylkesvegar og trafikkplan for båttilbodet blir viktige politiske saker som det er naturleg at kommunen blir trekt inn i. Handlingprgrammet må oppdaterast slik at kommunane blir teke inn som samarbeidspartar i tiltak 7.4 (båttilbod) og 7.5 (innfartsparkering). Dette gjeld også tiltak 5.6 (fylkesvegnettet og reiseliv) i den grad det er aktuelt for kommunane å vere med på finansiering.

1. Fv. 564 i Meland frå Frekhaug til Rosslund må få status som overordna fylkesveg. Vegen har stor trafikk og er viktig for lokalsamfunnsutviklinga.
2. Fv. 57 frå Knarvik til Mongstad må igjen få status som riksveg. Denne vegen har stor trafikk i samband med industrien i Mongstadorrådet.
3. RTP må ha større tyngde som innspelsdokument til Nasjonal transportplan gjeldande ny E39 nord i Åsane (Vågsbotn-Nordhordlandsbrua).
4. Viser til Regional Transportplan 2013-2024 – Handlingsprogram 2015-2017 der Tverrsambandet (Sambandet Vest) er omtala. Prosjektet vil gje eit nytt samband mellom Øygarden/Askoy og Nordhordland. Det vil også kunne avlaste Bergen sentrum for gjennomgangstrafikk. Eit interkommunalt selskap Sambandet Vest AS arbeider for å få realisert prosjektet med bompengar og fylkeskommunale midlar. I pågåande kommunesamanslåingsprosess mellom Radøy, Meland og Lindås, er dei tre kommunane tildelt midlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet som skal målrettast mot infrastrukturtiltak som kan binda dei tre kommunane tettare saman. Ytterligere midlar vert omsøkt, og midlane skal nyttast til planprosessar knytt til Sambandet Vest AS, og då med samanbinding av Radøy og Meland spesielt.

Sambandet Vest vert ein viktig omkjøringsveg og eit viktig trafikksikringsprosjekt. Vegen representerer eit alternativ til Hagelsundsbrua, og vert ein del av eit framtidig ringvegprosjekt i Nordhordland.

Ein ønskjer difor at Sambandet Vest vert tatt med i RTP Hordaland 2018 – 2029

Ein ber også fylkeskommunen merka seg at Radøy kommune har fatta positivt vedtak for oppstart av naudsynte planprosessar knytt til samanbinding av Meland og Radøy. Meland kommunestyre har i samband med igangsetting av arbeidet med planprogram for rullering av kommuneplan sin arealdel peika ut Sambandet Vest AS sitt val av vegløysningar over Meland som eit av dei prioriterte tiltaka.

5. RTP må ta større omsyn til forskjellar mellom distrikt og by/tettbygd strøk, til dømes under «overordna mål» der vekst i persontransport skal skje ved kollektivtrafikk, sykkel og gange i Bergensområdet. Vekst i kommunar med mykje distrikt og lange avstandar vil ikkje skje berre med gang- og sykkelveg.

---

#### **42/2017: Ny høyring - Regional areal- og transportplan for Bergensområdet**

##### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Kommunestyret i Meland er i prinsippet positivt innstilt til eit samarbeid mellom lokale og regionale forvaltningsnivå, og støtter i utgangspunktet intensjonane om å lage ein regional plan for auka samordning om arealbruk og transportutvikling.

Kommunestyret ser ikkje at framlegget til regional areal- og transportplan (ATP) representerer ei slik tenleg samordning. Kommunestyret ønskjer ikkje ein plan som gjev heimel for regionale styresmakter til å detaljstyre kommunane.

Planframlegget er utydeleg på formell verknad. Kommunestyret påpeiker at motsegn berre skal vurderast unntaksvis, og då berre når alle lov- og forskriftsfesta måtar for kontakt og dialog er nytta utan at det er oppnådd semje.

Kommunestyret meiner at det nye planframlegget framleis legg opp til ei for sterk sentralisering, og at premissar knytt til dagens kollektivtransport er for sterkt styrande for utviklinga av andre viktige samfunnsfunksjonar. Den sterke sentraliseringa hindrar ei heilskapleg og positiv utvikling i kommunane og regionen, og legg band på kommunane sitt handlingsrom i arealplanlegginga.

Planen lukkast med å formidle nasjonale og regionale klimamål, men lukkast ikkje med å omsette måla til ei samordna arealplanlegging, utover noko aktivitet i regionsentra. Prinsippet for differensiert arealforvaltning er bra, men planen er for detaljert og nærsynt til å få betydning.

For nærare kommentarar vert det vist til saksutgreiinga. Kommunestyret viser elles til formannskapet sin høyringsuttale frå møte 26.08.2015, sak FS-100/2015.»

## 29.03.2017 FORMANNSKAPET

### Tilleggsframlegg frå Nils Marton Aadland (H):

Meland kommunestyre meiner at planen på fleire område grip inn i det lokale sjølvstyret og kommunane si oppgåve som planmyndighet.

Punkt 1.2.2. vil kunne overføre ansvar frå lokalt til regionalt nivå. Meland kommunestyre meiner at dette er i strid med gjeldande nasjonal politikk og føringar.

Vidare meiner kommunestyret at det under punkt 4.2.6. «Framtidas utbyggingsmønster» ikkje blir tatt omsyn til den nye kommunestrukturen som er under utvikling, og at det alt er etablert fleire lokale vekstsoner enn det som er omtalt i planen.

Kommunestyret vil med bakgrunn i dette varsla motsegn etter paragraf 8-4 i plan og bygningsloven.

### Avrøysting:

**Administrasjonen sitt framlegg til vedtak med tilleggsframlegg frå Nils Marton Aadland vart samrøystes vedteke.**

### **FS - 42/2017 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Kommunestyret i Meland er i prinsippet positivt innstilt til eit samarbeid mellom lokale og regionale forvaltningsnivå, og støtter i utgangspunktet intensjonane om å lage ein regional plan for auka samordning om arealbruk og transportutvikling.

Kommunestyret ser ikkje at framlegget til regional areal- og transportplan (ATP) representerer ei slik tenleg samordning. Kommunestyret ønskjer ikkje ein plan som gjev heimel for regionale styresmakter til å detaljstyre kommunane.

Planframlegget er utydeleg på formell verknad. Kommunestyret påpeiker at motsegn berre skal vurderast unntaksvis, og då berre når alle lov- og forskriftsfesta måtar for kontakt og dialog er nytta utan at det er oppnådd semje.

Kommunestyret meiner at det nye planframlegget framleis legg opp til ei for sterk sentralisering, og at premissar knytt til dagens kollektivtransport er for sterkt styrande for utviklinga av andre viktige samfunnsfunksjonar. Den sterke sentraliseringa hindrar ei heilskapleg og positiv utvikling i kommunane og regionen, og legg band på kommunane sitt handlingsrom i arealplanlegginga.

Planen lukkast med å formidle nasjonale og regionale klimamål, men lukkast ikkje med å omsette måla til ei samordna arealplanlegging, utover noko aktivitet i regionsentra. Prinsippet for differensiert arealforvaltning er bra, men planen er for detaljert og nærsynt til å få betydning.

For nærare kommentarar vert det vist til saksutgreiinga. Kommunestyret viser elles til formannskapet sin høyringsuttale frå møte 26.08.2015, sak FS-100/2015.

Meland kommunestyre meiner at planen på fleire område grip inn i det lokale sjølvstyret og kommunane si oppgåve som planmyndighet.

Punkt 1.2.2. vil kunne overføre ansvar frå lokalt til regionalt nivå. Meland kommunestyre meiner at dette er i strid med gjeldande nasjonal politikk og føringar.

Vidare meiner kommunestyret at det under punkt 4.2.6. «Framtidas utbyggingsmønster» ikkje blir tatt omsyn til den nye kommunestrukturen som er under utvikling, og at det alt er etablert fleire lokale vekstsoner enn det som er omtalt i planen.  
Kommunestyret vil med bakgrunn i dette varsla motsegn etter paragraf 8-4 i plan og bygningsloven.

---

#### **43/2017: Konstituering av rådmann**

##### **Rådmannen sitt framlegg:**

Personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen vert konstituert som rådmann i Meland frå 18.4.2017 og fram til ny rådmann tiltrer.

#### **29.03.2017 FORMANNSKAPET**

##### **FS - 43/2017 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen vert konstituert som rådmann i Meland frå 18.4.2017 og fram til ny rådmann tiltrer.

---